

Kjempefrott kunstverk på nybygget til Elins Matgleder.

26.08.2012



Nydeleg kunstverk på veggen til Elins Matgleder. Foto: Thor Inge Døssland

Mange har nok lurt på kvifor det manglar vindauge i frontveggen til nybygget til Elins Matgleder. No treng vi ikkje lura lenger!! I løpet av to siste dagane har veggen vorte totalt forvandla!! No framstår den som eit flott kunstverk laga av vår lokale og dyktige kunstnar, Gaute Haugland.

Elin Enes seier at det heile tida har vore meiningsa at veggen skal ha eit visst kunstpreg.

- Eg tenkte mellom anna på rose målingsmotiv, men etter å ha sett alt Gaute laga i samband med Festidalen, vart eg inspirert av det. Eg bestemte meg for at det kunne vera kjekt å bruka han, fortel ho om korleis samarbeidet starta.

Ho fortel at ho er kjempefornøyd både med resultat, samarbeid og måten kunstnaren har jobba på. - Då Gaute kom i år var eigentleg ingenting klart. Eg hadde ønskje om å ha med kua og ei kake, og at det skulle ha eit positivt preg.

Han sette i gang, underveis har eg kunna komme med innspel, seier ho vidare.

Ho er og svært tilfreds med bakgrunnsmotivet med Ulvanoso som gjev det heile eit lokalt preg. Ho seier at ho kan ikkje understreka sterkt nok kor imponert ho er av Gaute som med sprayboksane sine lagar slike flotte motiv heilt på frihand!!

- Han er fantastisk flink!, seier ho.



Foto: Thor Inge Døssland

Gaute gjev og tydeleg uttrykk for at han set stor pris på å få eit oppdrag som dette, i heimbygda. Og han kan tenkja seg fleire oppdrag. Han seier det slik: - Eg har ein del å gjera, men det kunne godt vore meir! Også Gaute er fornøgd med resultatet så langt. Heilt ferdig er han ikkje. Han kjem att om nokre veker og skal ta siste finish. Han skal mellom anna skriva inn 'Elins Matleder'.

Bileta her yt nok ikkje kunstnaren full rettferdighet, så eg anbefaler dåke å ta turen og kika på kunstverket.

Av: Thor Inge Døssland.



Foto: Thor Inge Døssland